

Til

Alver kommune v/avdeling for Plan og byggesak


Saksnr. 20/16384 på gbnr 424/274 Bø.

Bøvågen 03.03.21

**Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel for Radøy**

Viser til innsendt søknad om tilbygg av kaldt lager og etterspurd tilleggsdokumentasjon i dykkar brev datert 11.01.2021 og 26.10.2020. Signert naboerklæring frå eigar av gbnr 424/13 er sendt inn per e-post den 11.12.2020.

Eigar av gbnr 424/13 har samtykka til plassering med inntil 0 meter mot si grense. I nordvest vil tilbygget ligge 4,5 meter frå nabogrensa, men om lag 0,5 meter mot nabogrensa i søndre delen mot vatnet.



Vi vurderer at nabovarsel av søknad om dispensasjon kan unnlatast etter plan- og bygningslova § 21-3 2. ledd med bakgrunn i at nabo har fått nabovarsel av sjølve søknaden og at han har signert på naboerklæringa. Han er godt kjent med tiltaket vi søker om.

Hordabø idrettslag sitt anlegg har stor aktivitet både innanfor idrett og kultur.

Hordabø idrettslag vil bygge eit tilbygg, som vert ei forlenging av det nyleg bygde lageret. Hordabø idrettslag har stor aktivitet med idrett både i hallen og på fotballbanene utandørs, kulturarrangement og utlån av idrettshallen til private og andre lag og organisasjoner ved arrangement. Vi har behov for lagringsplass til utstyr for vedlikehald og drift av banene utandørs, samt til oppbevaring av diverse anna utstyr for hallen og ved arrangement i hallen t.d. ved konserter.

Området der tilbygget ligg er plassert bak idrettshallen på eit areal som i kommuneplanen er sett av til LNF- føremål. Det er ingen landbruksdrift på arealet, arealet ligg opp til idrettshallen og kan heller ikkje nyttast til landbruksføremål. Området er heller ikkje eit område som er eller har vore eigna for ferdsel for friluftsliv. Tilbygget er plassert på planert terreng, men vidare ned mot vatnet er det bratt og uframkommeleg. Etter vår vurdering vert ikkje omsyna bak LNF- føremålet sett til side ved at det vert gjeve dispensasjon til tilbygget det vert søkt om.



Fordelane ved at det vert gjeve dispensasjon er at Hordabø idrettslag kan legge betre til rette for idrettsaktivitet og kulturarrangement som kjem innbyggjarane i Alver til gode, og som skapar ein samlingsplass for sosiale arrangement, tiltak og kulturtildel. Tilbygget forlenger det tilbygget som allereie er ført opp, og vil føre til at meir utstyr kan lagrast innandørs og får rydda opp i området bak idrettshallen.

På bakgrunn av dette meiner vi at omsyna bak LNF- føremålet i kommuneplanen sin arealdel for Radøy ikkje vert sett til side og at fordelane med å gje dispensasjon er klart større enn ulempene.

Vi håper på eit positivt svar på søknaden vår.

Med helsing

Hordabø idrettslag v/Frode Myking.